

29. oktober 2012 fyller vi 100 år.

# L.HALS EFTF

1912 - 100 ÅR - 2012



Gammelbutikken på Todalsøra på 30-talet.  
"Støvbrett" nr 1. ved bensinpumpa.



Butikken slik den ser ut i dag.

Butikken på Kvinnset vart opna 29. mars 1984

## Historia om L. Hals



*Ingeborg og Lars Hals*

Lars E Hals. Født på garden Hals i Ålvundfjord i 1883. Starta som handelsbetjent på Kvanne. Deretter drog han til Frøya som butikkbetjent hos L. Østreim. Der var han 1 år, og slutta 31. juli 1912. Han løyste handelsbrev den 18. oktober, etter å ha flytta til Todalen hausten 1912. Den 29. Oktober 1912 opna han butikk saman med medeigar O. Stenberg frå Kvanne under firmanamnet L. Hals & Co. Butikken starta i ei bygning (eit rom) på Nessakaia, som var dampskipskaia i Todalen. Seinare vart bygninga omgjort til tønne- og kassafabrikk under namnet "Bøkkertverkstedet". I 1914 gifta han seg med Johanna Grønnes frå Kvanne, og budde første tida på Nessalofta. Dei fekk sonen Johan i 1916, og Johanne døde same år. I 1919 gifta Lars seg opp at med Ingeborg Nordvik frå Nistua på Nordvik. Dei bygde seg nytt hus på Todalsøra same år. Huset vart på folkemunne kalla Halsbua. Da dei flytta inn i nybutikken i 1919, gjekk O. Stenberg ut av firmaet, og Lars vart eineiegar. Firmanamnet vart da: L. Hals Ass. landhandel Eit år seinare starta Edvard Nordvik som butikkbetjent hos Lars Hals. Han var yngste bror

til Ingeborg og fødd og oppvaksen i Nistua på Nordvik. Det seiast at Edvard Nordvik var den typiske handelsmann med alltid godt humør og ein sikker replikk i alle situasjonar. Varesortimentet i 1920-åra var daglegvarer, sko, manufaktur, jordbruksvarer, jernvarer og etter kvart mykje byggevarer. Edvard hadde standarduniforma stortrøye, slips, og blyant bak øyret. Som eit sidesprang kan nemnast, at Edvard Nordvik er modellen til "Handelsmann Nordvik" i juleheftet Vangsgutane av Leif Halse.

På denne tida var det 3 butikkar på Todalsøra. P. Eide hadde butikk på Nerbu (frå 1902) og Samvirkelaget bygde og starta butikk som nabo med Halsbua same år, i 1919.



*Lars Hals omkom ved ei utforkjøring i Brusetmelane i 1932.*

21. Juli 1932 omkom Lars Hals i ei bilulykke i Brusetmelane. Ingeborg og Johan Hals vart da sittande att åleine med

butikken. Johan hadde da opplevd å mista både mora og faren sin før han var 16 år. Etter ulykka vart Edvard Nordvik styrar av butikken, og han kom også etter kvart inn som eigar, (1957) saman med Johan Hals.

Johan Hals gjekk handelsskule i Oslo, og fekk tidleg interesse for bilar. Han tok til å køyra drosje i 1937. Dette kombinerte han med å arbeida i butikken. Han dreiv også sjuketransport, ved hjelp av ei sjukekorg, som kunne plasserast bak i bilen. Johan vart også råka av ei stygg bilulukke. Han vart treft av eit steinras i Svinvikhamrane (kammen), og både bilen og Johan hamna i sjøen. På ein ufatteleg måte kom han seg ut av bilen og på land, før bilen gjekk til botnen. Bilen vart heva ved hjelp av Kvennaferga og ei kran. (Bilde av bilen heng i kaffekroken i dag.) I 1964 vart Edvard sjuk av kreft, og vart dårlegare månad for månad. Da slutta Johan med drosjekjøring, og byrja på heiltid i butikken. Edvard døde i 1966, og frå da av var det Laura Nordvik, kona til Edvard, som vart med i butikken saman med Johan Hals. Terje N var da 13 år.



*Jostein, og Forden som Johan bruka til drosje på 50-talet.*

## Tilbygg Todalsøra

I 1950-51 vart det bygd på eit lagerbygg i betong på yttersida av butikkhusa. Det var til lager for jernvarer, jordbruksvarer, oljeprodukt og garasje. I 1955 starta butikken med å utvida sjølve butikklokalet. Da vart det eit påbygg på innersida av huset - mot samvirkelaget.



*To handelsmenn framfor tilbygget. Edvard Nordvik og Ingebrigt Mauset.*

Butikken fekk også nye diskar og store utstillingsvindaug i same slengen.

Medan dette pågjekk, vart butikken flytta til Nerbu, og dreiv der i lokala som Peder



*I 1955 vart butikken flytta til Nerbu medan Halsbua var ombygd og påbygd. På bildet ser vi Johan Hals, Liv Kvendset Fiske, Einy Rendal Elgsæther og Edvard Nordvik. På 60-talet vart lokalet bruka til bankfilial for Stangvik Sparebank, der det var ope kvar fredag fram til bankbussen kom.*

Eide nytta til butikk. Sjå bilde av betjeninga den gongen.

I 1983 tok Terje N over butikken som eineigar, og bygde ny butikk på Kvennset med ny bensinstasjon. Opninga var 31. mars 1984. Terje N har heile tida beholdt firmanamnet L. Hals Eftf. Johan Hals var da pensjonist. Margrete Hals (kona til Johan) arbeidde i butikken frå 1984, og til ho gjekk av med pensjon.

Butikken har frå 1984 og til i dag, vore tilknytt kjededrift. Kan bl.a. nemne KØFF-kjeda, FM-kjeda, ServiceMat, Spar Mat, ICA Sparmat, Ica Nær og i dag Matkroken.

I 1996 vart butikken påbygd med eit større inngangsparti, kassaområdet og ein kaffekrok, som har vist seg å ha livets rett. Det har vorte eit sosialt møtepunkt som bygdefolket sett pris på.



*Terje N fyller 50, og feirer i kaffekroken.*

Som ICA SparMat-butikk på Kvennset, opplevde vi nesten "jordskjelv" ein sommardag i 1997.



*Butikkhyllene ramla ned frå vegg.*

Plutseleg rasa heile reolen på langveggen mot nord ned i ein dominoeffekt. Det var eit høgt brak og alle som var i butikken sprang ut.

Årsaka var truleg ei gravemaskin frå Svorka, som heldt på med arbeid ovanfor butikken, og gjorde eit arbeid som gav vibrasjonar. Dette utløyste at skruane som heldt reolen gav etter i eine enden, og på grunn av tyngda av hermetikk etc, gjekk det som det gjekk! Knuste glas med tomatsaus etc., vart spreidd langt innover butikken. Oppryddinga tok fleire dagar, og nye reolar måtte skaffast.

## Slakteridrift på Nerbukaia

Edvard Nordvik som voks opp på garden Nistua på Nordvik, var svært interessert i dyr og gardsdrift. Han var mykje med som sjåfør på både sau- og hest- og ku-utstillingar. Støvbrettet

var sjølvstekt transportmiddelet. Inni satt det oftast 2 passasjerar og på plattingen (med kapell) var det sauer. Det var sikkert denne interessa som gjorde at butikken også

dreiv med slakteri. Det vart drive i eit hus på Nerbukaia. Her vart det slakta både sau, ku, gris og hest. Siste tilsette slaktar var Alf Vikatrøn (Halset). Han kom frå Hullun (Bergheim), men budde med sin familie i Vikatrøa på Drøppingstranda. Han kom med båt innover på måndagsmorgonane om hausten. Han overnatta da oftast på Todalsøra i vekedagane, enten i Hulluå eller på Nerbu. Bøndene kom da nedover med dyra sine - leigde oftast lastebiltransport på dyra. Dette pågjekk heilt til det vart bygd stort fellesslakteri på Skei. Dei siste som leverte sauer til slakt var Snøyåkarane (Sverre og Kristoffer Gjeldnes).



Nerbukaia, der det vart drive slakteri

## Bensinstasjon

Butikken starta med olje og bensinsalg frå fat i 30-åra. Det kom da inn med dampen frå Kristiansund.

Etter krigen vart det investert i ny bensinpumpe, og det vart nedgrave ein tank på 2000 liter. Sjølvve bensinpumpa var ei høg slank Pumpe, som var handdrevet. Vi pumpa da opp 5, 10, 15 eller 20 liter opp i pumpa med å pompe handtaket

fram og tilbake. Deretter sleppte vi bensina ned frå pumpa og i ei kanne eller direkte på ein bil.



Den første bensinstasjonen i bygda, besinselskapet var Standard, seinare vart det Esso.

På kuppelen øvst på pumpa sto det STANDARD OLJE. Kuppelen finst framleis i kjellaren på Nerbu. Sidan gjekk butikken over til å kjøpa bensin og olje frå Esso, og det kom ny kuppel med Esso på. Ca 1960 vart det investert i elektrisk bensinpumpe, og det vart nedgrave ein større tank. I samband med at Talgø

starta med ny og moderne bensinstasjon på Kvendset, vart bensinanlegget på Todalsøra teke bort og nedlagt. Gustav Mikkelsen kjøpte både pumpa og tanken. I 1984 starta L. Hals Eftf. opp igjen med nytt anlegg (nye tankar 3 x 8000 liter) og 3 nye moderne pumper. Selskapet vi samarbeidde med var FINA, og dei gav oss mykje draghjelp i starten. Seinare vart Norske Fina fusjonert med Norske Shell.



Lars Hals ved den gamle handpumpa.

## Eige oljeselskap

# Hals Oil

I 2005 fekk vi beskjed frå vår daverande leverandør av drivstoff - Norske Shell, at dei ikkje lenger ville levera drivstoff til oss. Volumet vi tok ut var for lite til at Shell såg det lønnsamt å køyra til Todalen. Denne informasjonen kom hausten 2005. Det vart diskutert både internt i butikkleiinga og på bygda, om kva vi skulle gjera for å berga drivstofflevering i Todalen. Alle selskapa vart kontakta for om muleg å få til ei løysing med leveringa. Ei anna utfordring var at allereie i 2003, fekk butikken beskjed frå

Sprengstoffinspeksjonen om at tankane var 20 år, og måtte skiftast ut. Dei var derfor no på overtid. I romjula 2005 tok Terje N ei beslutning om å bevare drivstoffet i Todalen, og byggja sjølv eit heilt nytt anlegg. Det vil seia tankar, pumper og dataanlegg til anlegget. Her kom det fram pristilbod på 1,3 millionar kroner. Dette var eit beløp som ikkje kunne forsvarast med vanleg mattematikk og prosentrekning. Kor kunne ein søka om investeringstøtte til eit slikt anlegg? Næringsfondet i kommunen var eit forslag. Vi



Besøk av olje- og energiminister Borten Moe, sumaren 2012.

søkte og la fram alle argument med viktigheta med å ha drivstoffutsalgs i Todalen, Beredskapssikkerheit i ein gitt situasjon (vegstenging etc). Ein stor takk til Surnadal Kommunestyret som bevilga kr 333.000,- kr til anlegget. Undervegs fekk Terje N ideen med å kalle stasjonen for HALSOIL. Dette vart halde litt hemmeleg heilt til karane frå verkstaden på Bergsøya kom og monterte bygget (huset) rundt pumpa. Det vart offentleg avduka, og da kom namnet HalsOil fram på begge sider av gesimsen. Anlegget vart opna i november 2006. HALSOIL har vist seg å bli eit svært så populært namn, og vorte kjent langt utover Todalens grenser. Vi har hatt både Caps'ar, paraplyar og klistermerke med HalsOil. Leverandør av drivstoff er Midt-Norsk Olje AS og oljeprodukt frå Petro Canada og Morris gjennom importøren Arcon Oil.



Dagens pumpeanlegg ved butikken på Kvennset. Her er det varemerket HalsOil som blir marknadsført.

## Historia om Støvbrettet

Etter kvart som utviklinga gjekk, og folk vart mindre og mindre sjølvhjelpen av varer, vart det eit behov for utkjøring av varer. Etter krigen hadde ikkje folk egne bilar som i dag. Butikken var framsynt, og allereie i 1946 vart det bestilt ein gammal A-Ford.



Støvbrett nr 1, ein A-Ford. Bilen vart seinare ombygd til "støvbrett" med lasteplan

Bilen hadde vore bruka i England under krigen, og vart importert til Norge av Br. Andersen i Trondheim. (Seinare firmanamn vart Motortrade). Bilen vart ombygd til Pick Up. Førarhytta vart da ein kombinasjon av stål, blikk og tre. (Det går også eit rykte om at Edvard reparerte lekkasje på biltaket, med å leggja torvtak på bilen)

Det same gjaldt for platten bak, som vart bygd breiare enn førarhytta. Det var da bilen skulle hentast i Trondheim etter ombygginga, at Edvard



Støvbrett nr 2, ein Austin A40



Støvbrett nr 4, ein grøn VW. Nr 3 var grå.

Nordvik kom med denne setninga: **Han likna jo mest på eit "støvbrett"!** (motorkasse/ førarhytte som handtak og platingen som sjølv støvbrettet). Sidan har alle bilane til L. Hals hatt namnet "Støvbrettet".

Støvbrettet vart bruka til å køyra varerute rundt bygda 3 gonger i veka. Medan Todalen Meieri var i drift, så var det også støvbrettet som 2 gonger i veka kjørte til Kårvatn og henta mjølk frå Myrvang, Kårvatn, Teljan og Vestrum. I dag brukast støvbrettet mest til varehenting inn til butikken. Kvar morgon hentar vi brød og aviser på Todalskrysset. Vi har også litt varelevering. Bl.a. diesel til gardbrukarane blir utkjørt med tankvogn bak støvbrettet.



Klar for skrommeltog frå Todalsøra, fullasta med born frå Todalsøra og omeng.



Den kvite Pajeroen som Støvbrett



Den første Nissan, seinare kom to til.



Støvbrett nr 5, ein blå VW

Gjennom åra har vi hatt til saman 14 støvbrett. Det siste til no er ein Nissan 2012-modell.

## Tilsette

Den første butikkdama vart tilsett i 1946 (trur vi), og det var Margit Bruset Skogstad. Året etter starta Astrid Myrvang (Brusethaug). Sidan 1953 har det mest heile tida vore tilsett 2 butikkdamer. Det har vore både todalingar og folk utanfrå.

Verdt å nemne er det at det frå Viastua kom 3 søstres på rekkje og rad. Dei avløyste kvarandre etter kvart som dei gifta seg, Ingrid, Åshild og Lisbet. Dagens tilsette er: Terje Nordvik, Jorid Haugen Ansnes, Ragnar Halle, Marit Tørset, Solveig Kjølstad (reinholdar) og Kristoffer Nordvik (helgehjelp).



Åshild Halle, Laura Nordvik og Gerd Rendal i 1968.



Gerd Rendal, Laura Nordvik, Ingeborg Hals, Margrete Hals og Johan Hals.



Margit Bruset (Skogstad) var den første tilsette utom familien.



Anna Tørset (Valset) i 1965.



I 1984 opna nybutikken på Kvennset, med Fina bensinstasjon. Frå venstre Terje Nordvik, Åse V. Redalen, Liv Jorunn B. Moe, Margrete Hals og Johan Hals.



Tilsette i jubileumsåret. Frå venstre Ragnar Halle, Terje Nordvik, Marit Tørset og Solveig Kjølstad. Innfelt i bildet er Jorid haugen Ansnes.

Velkomen til jubileumsfeiring



I jubileumsveka frå 29. oktober til 3. november feirar vi med

**Gratis kaffe og blautkake**  
**kvar dag**

Laurdag 3. november serverer vi  
Åshilds moltekrem til kaffen!

**L.HALS EFTF**

**1912 - 100 ÅR - 2012**